

Barne- og ungdomslitteratur i Norge 2001 Statistikkar



Statistikken over bokutgivingar for barn og unge er utarbeidd av biblioteket ved Norsk barnebokinstitutt. Biblioteket har òg sett opp eit oversyn over årleg bibliotekutlån pr. barn i Skandinavia, og eit oversyn i tal over innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge.

Statistikken dekkjer 2001. Då redaksjonen avslutta arbeidet, var tala for 2002 ikje fullstendige nok til å danne grunnlag for ein årsstatistikk. Statistikken for 1990, 1999 og 2000 gir perspektiv til tala frå 2001. I tidlegare årbøker vil ein kunne finne statistikkar for åra f.o.m. 1996.

Bakgrunns materialet for statistikken er først og fremst NBIs eiga boksamling, som er registrert i ein eigen database¹. I tillegg har ein nytta ei utskrift fra *Nasjonalbibliografien* og ulike forlagskatalogar i tilfeller der NBI har kjent til utgivingane, men ikkje hadde dei i samlinga pr. 1.12.2002.

Utgivingsstatistikken viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk utgitt i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Statistikken omfattar nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

¹ NBIs statistikk omfattar utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandlar, til dømes bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære

¹ NBIs database er førebels ikkje tilgjengeleg på vår heimeside, men vil bli det i løpet av 2003. Til dess kan store delar av basen nåast gjennom *Norsk samkatalog*, Nasjonalbiblioteket i Oslo (www.nb.no/baser/sambok/).


bokhandlarnettet. Disse bokklubbane og somme av dei religiøse forlaga har ein stor andel omsette bøker. Av den grunn vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, spesielt frå engelsk språkområde, enn det andre statistikkar gjer.

NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivingar i Noreg skil seg frå *Bransjestatistikken* til Den norske Forleggerforeningen, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga. Den skil seg òg frå *Norsk bokfortegnelse*, som inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine. Faglitteratur for barn og unge er der plassert under faglitteratur for vaksne, slik at det berre er skjønnlitterære utgivingar ein finn i Bokfortegnelsen sitt oversyn over barne- og ungdomslitteratur.

Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjanger 1990, 1999, 2000 og 2001

SJANGER/ÅR	1990	1999	2000	2001
Antologiar	6	15	18	7
Biletbøker	185	160	193	165
Dramatikk	1	3	1	2
Eventyr	11	4	12	10
Fagbøker	102	113	182	226
Lyrikk	3	11	9	10
Romanar	311	296	304	294
Songbøker	2	8	0	4
Sp. brukargr.*	3	0	0	0
Totalt	624	610	719	718

Samisk litteratur 6 9 14 3
* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk



Norsk og omsett litteratur 2000
– fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	8	5	2	3	18
Biletbøker	44	2	137	10	193
Dramatikk	1	0	0	0	1
Eventyr	1	1	0	10	12
Fagbøker	71	1	108	2	182
Lyrikk	5	2	1	1	9
Romanar	105	23	148	28	304
Songbøker	0	0	0	0	0
Sp. brukargr.	0	0	0	0	0
Totalt	235	34	396	54	719

Norsk og omsett litteratur 2001
– fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	6	0	1	0	7
Biletbøker	36	4	110	15	165
Dramatikk	2	0	0	0	2
Eventyr	0	5	0	5	10
Fagbøker	63	4	159	0	226
Lyrikk	6	3	1	0	10
Romanar	101	29	140	24	294
Songbøker	0	4	0	0	4
Sp. brukargr.	0	0	0	0	0
Totalt	214	49	411	44	718

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*
For statistikk 1996, 1997, 1998 og 1999, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998, 1999, 2000, 2001 og 2002*

Omsetjingar fordelt på originalspråk 2000

	Arabisk	Dansk	Engelsk	Fransk	Gresk	Italiensk	Nederlandsk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleirspråkleg
Antologiar			1						1	3	
Biletbøker		10	112	1		1	6		14	3	
Dramatikk											
Eventyr	2		3	1						1	3
Fagbøker		13	80	1			7		8	1	
Lyrikk		1							1		
Romanar		8	137	1		1	1	1	22	6	
Songbøker											
Sp. brukargr.											
Totalt	2	32	333	3	1	1	14	1	46	11	6

Omsetjingar fordelt på originalspråk 2001

	Arabisk	Dansk	Engelsk	Fransk	Gresk	Nederlandsk	Russisk	Svensk	Tysk
Antologiar			1						
Biletbøker		1	104	2		1		14	3
Dramatikk									
Eventyr	1			2	1				1
Fagbøker		8	127	3				17	4
Lyrikk			1						
Romanar		10	117	12		2	1	18	4
Songbøker									
Sp. brukargr.									
Totalt	1	19	350	19	1	3	1	49	12

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*
For statistikk 1996, 1997, 1998 og 1999, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998, 1999, 2000, 2001 og 2002*

Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	1999	2000	2001
Generelle skrifter	1	3	1	3
Filosofi	2	4	2	4
Religion	21	27	47	52
Samfunnskunnskap, -orientering	7	5	7	7
Språk	1	0	1	3
Naturvitenskap, Økologi	33	15	35	44
Praktisk vitenskap, Oppfinninger	13	11	13	31
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	28	44	45
Litteratur	0	0	2	0
Geografi og historie	7	20	30	37
Totalt	102	113	132	226

Det totale utgivingstalet for 2001 er lite endra frå 2000. Medan talet på fagbøker for barn har gått monaleg opp, har tala for biletbøker og romanar minka tilsvarande.

Auken i talet på fagbøker gjeld den omsette litteraturen (159 i 2001 mot 110 i 2000). Når det gjeld originale norske fagbøker for barn, har talet derimot gått noko ned (67 i 2001 mot 72 i 2000). På same viset er nedgangen i talet på biletbøker og romanar først og fremst ein nedgang i antal omsetjingar. Dei norske utgivings-tala har gjennom fleire år halde seg forholdsvis stabilt rundt 250, og for 2001 har vi registrert 263 utgivingar.

Oversynet over norsk og omsett litteratur er splitta opp i nye og tidlegare utgitte tekstar. Nye opplag er ikkje med i statistikken, så "tidlegare utgitte tekstar" vil si nye utgåver av tekstar som har vore utgitt før. Denne oppsplittinga gir ei oversikt over kva slag tekstar som kjem i fleire utgåver: først og fremst romanar. Fagbøker kjem sjeldan i nye utgåver, medan tala for omsette biletbøker som kjem i nye utgåver er noko høgare.

Samla bokutlån til barn i folke- og skolebibliotek – tal på bøker per barn

Land	1990	1999	2000	2001
Norge	16,9	14,8	14,9	15
Sverige	21,1	20,6	21,1	21,1
Danmark	68,9	50,7	50,7	59,3

Kjelder:

Norge: Årsmelding og årbok frå Statens bibliotektilsyn

Sverige: Svenska barnboksinstitutet

Danmark: Center for Børnelitteratur

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge

Norsk kulturfond blei oppretta i 1965 for å finansiere ny norsk skjønnlitteratur gjennom ei eiga innkjøpsordning. For barne- og ungdomslitteratur inneber ordninga at Norsk kulturråd kvart år kjøper inn bøker i 1550 eksemplar. Desse går til folke- og skolebiblioteka, og dei kjem i tillegg til dei bøkene som biblioteka sjølve vel å kjøpe inn. Faglitteratur var opphavleg ikkje med i innkjøpsordninga, men etter eit treårig prøveprosjekt (1996–1998) blei ordninga gjort permanent også for norsk faglitteratur for barn.

Skjønnlitteratur	1990	1999	2000	2001
Tal på utgivingar*	194	205	164	151
Påmelde	119	155	136	116
Innkjøpte	97	134	119	104

Faglitteratur	1990	1999	2000	2001
Tal på utgivingar*	21	45	71	63
Påmelde		26	35	26
Innkjøpte		12	13	13

Kjelde for innkjøpsordninga: Norsk kulturråd

* Dette er tal frå Norsk barnebokinstitutt statistikk, som inkluderer nye utgåver (men ikkje nye opplag) av tidlegare utgitte bøker. For 2000 og 2001 er tidlegare utgitte tekstar ikkje inkludert.